

-KUNNGJERING -

Søknad om løyve til uttak av grunnvatn til nye Lærdal vassverk på Hauge, Lærdal kommune

NVE har motteke søknad frå Lærdal kommune om løyve til å ta ut grunnvatn til nye Lærdal vassverk på Hauge i Lærdal kommune. Vatnet skal nyttast til Lærdal kommunale vassverk. Søknaden vert handsama etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova, og gjeld løyve etter § 45 i same lov.

Søknaden er lagt ut til offentleg ettersyn på NVE sine internettsider, www.nve.no/konsesjonssaker, fram til høyringsfristen går ut 11.06.20. På grunn av situasjonen med koronapandemi vil det ikkje bli lagt ut papirutgåve. Om du ynskjer papirutgåve av søknaden, ta kontakt med Trond Sekse på e-post (trond.sekse@norconsult.com) eller telefonnummer 454 04 560.

Høyringsuttalar kan sendast oss elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker, per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo innan 11.06.20.

Om de har problem med å rekke høyringsfristen på grunn av koronaviruset ber vi om at de snarast tek kontakt med saksbehandlar og søker om utsett høyringsfrist. De kan også finne informasjon om fristar på nettsidene våre: <https://www.nve.no/nytt-fra-nve/andre-nyhetssaker/nves-frister-gjelder-som-normalt-soknader-behandles-enkeltvis/>.